

Kommentarar til innkomne merknadar

Sørland gnr 17 bnr 8 - 04.04.2026

Viser til tidlegare merknadar i saka. Hytta er veglaus og i periodar med lite vatn / varme sumarar, har det grunna gjengroing vore problem å koma fram med båt. Med nedregulering av vatnet fryktar ein problemet vil verte verre. Det er langgrunt og kan verte vanskeleg å få båten inn og ut av naustet.

Kommentar frå søkar: Som det følgjer av søknadsdokumenta vil det vera ytterst sjeldan ein kan koma ned mot LRV, og anlegget vil vera basert på vassparing og gjenbruk, samt vera delvis saltvassbasert. I tillegg vil ein gjera avbøtande tiltak og kunne iverksette framskunda levering i særst tørre perioder. Tiltak knytt til eksisterande støer o.l. anser me som løyselege, og kan etter nærmare avtale eventuelt bistå med tiltak.

Røyrane gnr 21 bnr 1

Er usamd i at tiltaket ikkje vil ha verknadar for friluftsliv og turisme, og viser til tidlegare merknadar i saka. Området er langgrunt og ei nedtapping vil få konsekvensar då ein fryktar tørrlagde areal, luktproblem og estetikk. Dette vil negativt påverke attraktiviteten til bubilparkeringa, og ein reiser spørsmålet om søkar er ansvarleg for eventuell omsetnadssvikt.

Kommentar frå søkar: Erfaringsmessig vil nedtapping til LRV førekoma ytterst sjeldan, og då over ei særst avgrensa tidsperiode – oftast sein sumar mot tidleg haust. Søkar er konsesjonær i andre vassdrag, og har langvarig erfaring med vassparingstiltak og gjenbruk av vatn, og eit postsmoltanlegg i Ølve vil også vera delvis saltvassbasert. I tillegg vil ein gjera avbøtande tiltak og kunne iverksette framskunda levering i særst tørre perioder. Ut i frå måten moderne settefiskanlegg vert drivne på, trur me ikkje det er ei reell problemstilling at vatnet skal vera tappa ned til LRV over lengre perioder. Imidlertid forstår me uroa som er reist, og dersom det viser seg at ei nedtapping får negative konsekvensar, kan ein i fellesskap sjå på eventuelle tiltak.

Woodland m. fl. Gnr 22 bnr 3 m. fl.

Merknaden er sendt på vegne av fleire grunneigarar. Ein ber om ei upartisk konsekvensutredning for biologisk mangfald og kulturminne. Vidare er ein uroa for meir variasjon i vasspeglet, etter at vatnet dei seinare åra har vore meir stabilt.

Kommentar frå søkar: Utredninga er utført av Rådgivende Biologar / DNV som fagkunnig, sertifisert og uavhengig instans. Me kan ikkje sjå at det kjem fram nye opplysningar i saka, som endrar på føresetnadane i søknadsgrunnlaget.

Kvinnherad kommune v/ Egil Eide

Gjentek tidlegare merknad om at kommunale leidningar i vatnet kan verte utsett for frostfare ved lågare vasstand.

Kommentar frå søkar: Leidningar som eventuelt ligg for grunt er løyseleg, og søkar vil vera behjelpeleg med å legge om dette.

Svar på nabovarsel

Du kan bruke dette skjemaet for å si fra om du har merknader eller ikke. Den som er ansvarlig for byggeprosjektet sender merknadene dine til kommunen sammen med byggesøknaden.



04.04.2026 10:38:41 AR730158578

Her er det planer om å bygge, rive, eller endre

Adresse: Skarvatunvegen 38, 5637 ØLVE,

Kommune: Kvinnherad

Gårdsnr.:	Bruksnr.:	Festenr.:	Seksjonsnr.:
16	21	0	0

Nabovarselet er mottatt av

Eier/ fester av naboeiendom: Tone Ranveig Sørland

Adresse: Hatlestrandsvegen 989, 5637 ØLVE

Gårdsnr.:	Bruksnr.:	Festenr.:	Seksjonsnr.:
17	8	0	0

Svar på nabovarselet (fylles ut av nabo/gjenboer):

Her kan du krysse av for om du har merknader eller ikke.

Dersom du har merknader, kan du skrive disse i tekstboksen under. Du kan også laste opp et vedlegg ved å trykke på "Oversikt - skjema og vedlegg" øverst til venstre.

Skjemaet kan kun sendes inn én gang.

- ☐ Jeg har ingen merknader
- ☒ Jeg har merknader

Merknad til nabovarselet:

. Vi har framleis dei same merknadene som vi sende NVE i høve konsesjonssøknaden. Vi vel derfor å sende «Høyringsuttale frå Karistova sameige» (datert 25.juni 2025) som merknad til nabovarselet.

Høyringsuttale frå «Karistova sameige» (Gnr 17, bnr 8)

Syner til Alsaker Fjordbruk sin konsesjonssøknad av 22.01.2025 og NVE sin informasjon om høyring av søknaden.

Eigedomen «Karistova» (Gnr 17, bnr 8) er eigd av arvingane etter Olav Sørland i sameige. Vi er etter kvart ein stor flokk som nyttar hytta ved Kvitebergsvatnet i helger og feriar. Hytta er veglaus. For å kome til hytta brukar vi anten å gå på sti gjennom skogen eller bruke robåt frå den nordre vika, der vi har parkeringsplass (etter avtale med grunneigar).

I periodar med lite vatn / varme somrar er det alt no problem med gjengroing av den nordre vika og vanskar med å kome gjennom med båt. Med nedregulering av vatnet kjem dette problemet til å bli verre. På hyttesida, der vi landar båten, er det langgrunt, og det vil bli problem med å få båten inn og ut av naustet dersom vatnet bli regulert ned. For oss blir dette praktisk vanskeleg.

Vi er også sterkt uroa for at store variasjonar i vatnet, som følge av tidvis nedtapping, vil få uheldige verknader på natur og miljø i og rundt vatnet.

For Karistova sameige
Tone R. Sørland

Dersom den som har sendt deg nabovarselet enkelt skal kunne kontakte deg ved behov, kan du legge inn e-post og/eller telefonnummer nedenfor. Dette er frivillig.

E-postadresse: tsorland@online.no

Telefonnummer: 979 52 561

SIGNERT AV

TONE RANVEIG SØRLAND på vegne av SØRLAND TONE
RANVEIG

04.04.2026

Dette dokumentet er signert elektronisk og arkivert i Altinn.

Svar på nabovarsel

Du kan bruke dette skjemaet for å si fra om du har merknader eller ikke. Den som er ansvarlig for byggeprosjektet sender merknadene dine til kommunen sammen med byggesøknaden.



08.04.2026 13:03:11 AR730592092

Her er det planer om å bygge, rive, eller endre

Adresse: Skarvatunvegen 38, 5637 ØLVE,

Kommune: Kvinnherad

Gårdsnr.:	Bruksnr.:	Festenr.:	Seksjonsnr.:
16	21	0	0

Nabovarselet er mottatt av

Eier/ fester av naboeiendom: Ingemar Røyrane

Adresse: Ølvesvegen 211, 5635 HATLESTRAND

Gårdsnr.:	Bruksnr.:	Festenr.:	Seksjonsnr.:
21	1	0	0

Svar på nabovarselet (fylles ut av nabo/gjenboer):

Her kan du krysse av for om du har merknader eller ikke.

Dersom du har merknader, kan du skrive disse i tekstboksen under. Du kan også laste opp et vedlegg ved å trykke på "Oversikt - skjema og vedlegg" øverst til venstre.

Skjemaet kan kun sendes inn én gang.

- ☐ Jeg har ingen merknader
- ☒ Jeg har merknader

Merknad til nabovarselet:

Merknad til nabovarsel

Innsigelse mot tiltak ved Røyrane - Alsaker Fjordbruk AS

Motsegning mot framstillinga i nabovarselet

Dette framstår som ein klar motsetnad mellom dei faktiske tilhøva me tidlegare har dokumentert, og

slik tiltakshavar (Alsaker Fjordbruk AS) no framstiller saka i nabovarselet. Når det i punkt 3.15 vert hevda at «Tiltaket ikkje blir vurdert å ha verknad for friluftsliv eller turisme eller andre interesser», og at «Konsekvensen er dermed ubetydeleg», overser tiltakshavar direkte dei innvendingane me allereie har fremsett, mellom anna dei merknadene som vart sende inn via Advokatfirmaet Kyrre den 26.06.2025.

Dokumenterte konsekvensar for området ved Røyrane

Det er tidlegare påpeikt at området ved Røyrane er langgrunt. Ein regulering mellom kote +7,9 og +9,5 vil etter vår vurdering kunne medføre vesentlege negative konsekvensar, mellom anna risiko for turrlagde areal, luktproblem og endra landskaps- og estetisk uttrykk. Slike tilhøve vil kunne påverke området bruk til friluftsliv, samt bobilparkeringa sin attraktivitet og bruk, på ein direkte og merkbar måte.

Spørsmål om erstatningsansvar

Dersom tiltaket fører til redusert bruk av bobilplassen, og dermed dokumenterbar omsetningssvikt eller tap som følgje av tiltaket sine verknader, reiser dette òg spørsmål om tiltakshavarens erstatningsansvar. Etter vår vurdering må det avklarast om Alsaker Fjordbruk AS i så fall vil vere ansvarleg for økonomiske konsekvensar knytte til redusert brukarinteresse og tap av inntektsgrunnlag, som ein direkte følgje av tiltaket. På denne bakgrunnen kan det ikkje leggjast til grunn at tiltaket har ubetydelege konsekvensar, verken for allmenne interesser eller for nærliggande, etablert næringsverksemd.

Med helsing for
Røyrane bobilparkering
Ingemar Røyrane

Dersom den som har sendt deg nabovarselet enkelt skal kunne kontakte deg ved behov, kan du legge inn e-post og/eller telefonnummer nedenfor. Dette er frivillig.

E-postadresse:

Telefonnummer:

SIGNERT AV

INGEMAR RØYRANE på vegne av RØYRANE INGEMAR 08.04.2026

Dette dokumentet er signert elektronisk og arkivert i Altinn.

08.04.2026 13:03:11 AR730592092

08.04.2026 13:03:11 AR730592092

Svar på nabovarsel

Du kan bruke dette skjemaet for å si fra om du har merknader eller ikke. Den som er ansvarlig for byggeprosjektet sender merknadene dine til kommunen sammen med byggesøknaden.



06.04.2026 18:20:29 AR730239351

Her er det planer om å bygge, rive, eller endre

Adresse: Skarvatunvegen 38, 5637 ØLVE,

Kommune: Kvinnherad

Gårdsnr.:	Bruksnr.:	Festenr.:	Seksjonsnr.:
16	21	0	0

Nabovarselet er mottatt av

Eier/ fester av naboeiendom: David Gareth Woodland

Adresse: Ølvesvegen 73, 5635 HATLESTRAND

Gårdsnr.:	Bruksnr.:	Festenr.:	Seksjonsnr.:
22	3	0	0

Svar på nabovarselet (fylles ut av nabo/gjenboer):

Her kan du krysse av for om du har merknader eller ikke.

Dersom du har merknader, kan du skrive disse i tekstboksen under. Du kan også laste opp et vedlegg ved å trykke på "Oversikt - skjema og vedlegg" øverst til venstre.

Skjemaet kan kun sendes inn én gang.

- ☐ Jeg har ingen merknader
- ☒ Jeg har merknader

Merknad til nabovarselet:

Felles utsegn frå grunneigarar rundt Kvitebergsvatnet i Kvinnherad kommune, datert 06.04.2026

Svar til Ølve Bruk As sin Søknad om Konsesjon etter Vannressurslovens §8 for uttak av vann frå Kvitebergsvatnet datert 18.03.2026

Innleing

Vi er skeptiske til kvaliteten av Ølve Bruk AS si konsekvensutgreiing i søknad om fornya konsesjon, datert 18.03.2026. Som grunneigarar har vi ikkje blitt invitert med på synfaring langs strandlinja vår samen med biolog, eller liknande. Dette opplever vi som lite tillitsskapande.

Krav om undersøking og konsekvensutgreiing av biologisk mangfald (flora og fauna) i og rundt Kvitebergsvatnet

Det må koma ei fullstendig og upartisk konsekvensutgreiing av det biologisk mangfaldet (flora og fauna) i og rundt Kvitebergsvatnet før eit eventuelt løyve til regulering av vatnet kan gis. Denne fullstendig og upartisk konsekvensutgreiinga må også omfatte kulturminna i og rundt Kvitebergsvatnet og Hytteelva. Dette for å sikra betre kunnskap om kva dei faktiske konsekvensane av regulering vil bli, for livet i, på og rundt Kvitebergsvatnet, for både planter, dyr og menneske. Som grunneigarar ved Kvitebergsvatnet, som ser på vatnet som ein vakker heilskap, med dyreliv, fugleliv, planter, fisk og insekt, samt ein viktig del av livet vårt, og ikkje berre ein resurs i ei oppdrettsnæring som og kan finna andre løysningar, håper vi at Kvitebergsvatnet kan bevarast slik det er i dag.

Vi veit at kantvegetasjon i regulerte vatn med hyppige endringar i vasstanden blir utsett for eit ekstremt stress. Effekten er ofte redusert artsmangfald, forenkling av strukturen og ei endring frå fuktkevjangende arter til meir robuste eller tørketålande artar. Vi kan ikkje sjå at desse fakta er vurdert i Ølve Bruk sin reviderte søknad av 18.03.2026.

Konsekvensar ved tapping av vatn frå Kvitebergsvatnet.

I løpet av dei siste 30 åra vi på Plasset har budd ved Kvitebergsvatnet, har vi merka lite variasjon i vassnivå, utover dei naturleg sesongvariasjonane, med unntak av i periodar i 2006-2008 tida, då Sea Farm hadde meir aktiv tapping av vatn. Slik vi forstår det, hadde Sea Farm løyve til å tappa vatnet ned 0,8 meter frå normalnivå, og dette blei gjort i den tida Sea Farm hadde produksjon i Hyttevågen. Etter 2014 har det ikkje blitt brukt vatn på anlegget i Hyttevågen, og fjerning av fiskesperre i 2017/18 har kanskje ført til at flaumtoppane har blitt mindre.

Vårt poeng her, er at vi stort sett har hatt eit forholdsvis stabilt vassnivå, med sesongbaserte variasjonar, gjennom dei siste 30 pluss åra. I praksis vil det seia at det i framtida vil bli mykje større og hyppigare vassnivåfluktuering gjennom året, dersom søknaden blir innvilga. Vi fryktar at større og hyppigare vassnivåfluktuering vil få negative konsekvensar for både plante- og dyrelivet i og rundt Kvitebergsvatnet, derfor vårt krav om konsekvensutgreiing.

Konsekvensutgreiing knytt til kulturminne rundt Kvitebergsvatnet og i Hytteelva/ Slagget.

Søknaden kommentere kvernhuset i Hytteelva (ned frå Fossen) som gjenreist kvernhus på gammal ruin, dette er korrekt, men gjenreist er det for 3. eller 4. gong, fundament er kanskje frå 1200 tida. I Hytteelva er det 4 steinfundament som er 3-4 meter høge, desse er fundament til Klausaga som sannsynlegvis blei bygga omkring 1540. Som kjent blei baksteheller frakta over Kvitebergsvatnet frå om lag år 1000, det finst og eit enkelt kaianlegg i Ambarevika frå denne tida, men dette er ikkje registrert som kulturminne, i likskap med Klausaga og kvernhuset i Hytteelva.

I søknaden er det kommentert at det er 20 automatisk freda kulturminne langs Kvitebergsvatnet. Min påstand er at det er fleire ikkje-registrerte kulturminne langs Kvitebergsvatnet. I tillegg til dei kommentert over, er det også tre ikkje-registrerte kvernhusgrunnmurar i Fuglebergselva, i tillegg til den fantastiske dammuren som eg finn lite registrering av.

Vi er overraska over at desse kulturminna ikkje er kommentert i søknaden til Ølve Bruk AS, og finn påstanden til Ølve Bruk om at søkt aktivitet ligg i forlenging av denne industrihistoria underleg.

Rørleidning i Hytteelva

I 1983 fekk Sea Farm løyve til å leggja den eksisterande vassleidninga frå Kvitebergsvatnet gjennom Hytteelva og ned til Slagget. På den tida hadde planmyndigheitene kanskje eit litt anna syn til estetikk enn det vi har i dag. Den rørleidningen ligg opp i dagen frå fossen ned til Sea Farm sitt anlegg i Hyttevågen. Den ligg mindre enn 1 meter frå grunnmuren til det gjenreiste kvernhuset, og om lag 10 meter frå grunnmuren til Klausaga, eg vill trur at begge desse grunnmurane har «krav» på ein sikringssone på minst 5 meter. Rørleidningen er skjemma der den ligg, såpass tett på Klausaga.

Vi notere oss at Ølve Brukt seier at dei forventar at rørleidning har eit restliv på minst 10 år. Eg har absolutte ikkje kunnskap om levetida til slike røyr, men den delen av røyret som ligg i fossen opp frå det gjenreiste kvernhuset har vore utsett for «wear and tear» frå fossen i over 40 år. Eg reknar med

at Ølve Bruk har hatt ekspertar til å sjå på den delen av røyret i 2025/26. Sjølv var eg å såg på røyret rundt 2006, og eg kunne då sjå at det var teikn på slitasje frå stein og is i elva.

Storlom

Eg kan bekrefte at som fastbuande på Plasset / Kviteberg har vi i løpet av sommaren 2024 og også sommaren 2025 både høyrte og sett Storlom fleire gonger. Dersom vi høyrer den igjen i 2026 vil vi dokumentera dette.

Sign David Woodland, Kviteberg 06.04.2026

Følgjande grunneigarar har skrive under på denne uttalen:

Thomas Gravdal, gnr. 23/bnr. 1 og 3

Otto Auran, gnr. 22/bnr. 1 og 2

David Gareth Woodland, Nora Skatvedt og Sunniva Woodland Skatvedt, gnr. 22/bnr. 3

Eva Røyrane, gnr. 21/bnr. 7

Bjørn-Olav Netland, gnr. 28/bnr. 1

Ina Hag Gnr.: 12 og bnr.: 9 og 132

Dersom den som har sendt deg nabovarselet enkelt skal kunne kontakte deg ved behov, kan du legge inn e-post og/eller telefonnummer nedenfor. Dette er frivillig.

E-postadresse: woodland@online.no

Telefonnummer: 95110470

SIGNERT AV

DAVID GARETH WOODLAND på vegne av WOODLAND
DAVID GARETH

06.04.2026

Dette dokumentet er signert elektronisk og arkivert i Altinn.

06.04.2026 18:20:29 AR730239351

06.04.2026 18:20:29 AR730239351

Merknad til nabovarsel - 16/21 - Regulering/Senking av Kvitebergsvatnet - Ølve - Kvinnherad.

Kvinnherad kommune, Teknisk og Miljø, Vatn og Avløp v/Einingsleiar Egil Eide legg inn følgjande merknad til nabovarselet:

Senking av vatnet har stor påverknad for oss, då det er ein del kommunale leidningar i vatnet som vil verta utsett for frostfare ved lågare vass-stand.



Tenk miljø før du skriv ut!